

6/10-2014

Helse- og Omsorgsdepartementet

Helse Midt

Helse Vest

Helse Møre og Romsdal.

Ørsta Næringskontor har tidlegare engasjert seg i legevakttenesta ved Volda Sjukehus. Dette for at det til ei kvar tid skal være medisinsk hjelp å få, nærast mogeleg, for døgndrivne bedrifter og for folk flest når ulykker skjer. Dette er nødvendig: 365 dagar i året 24 timar i døgnet, og med 3-4 skianlegg i området er helgeberedskapen for småskadar ekstra verdifull.

Legevaktordninga for Søre Sunnmøre ved Volda sjukehus er ei optimal løysing for pasientane ved at fagkompetansen ved sjukehuset blir nytta, og det gir god økonomi ved at tilgjengelege resursar på vakt blir utnytta. Det blir hevda at ein ikkje kan bygge opp ei vaktordning rundt den eksisterande fagkompetansen i helgane, det blir for dyrt og eit befolkningsgrunnlag på 45000 menneske er for lite. Men når legane er fysisk tilstades på vakt, for sjukehuset sine pasientar, er det underlig at eit "styrevedtak" skal hindre vakthavande kirurgar Ved Volda Sjukehus i å gi akutt hjelp i helgane dersom det skulle være naudsynt. Her burde styret lytte til sin helseminister Bent Høie, der han uttalar i D.N. 18.03.2014 at: *"det er pasienten og ikkje systemet som er det viktigaste."*

Det er nyleg dokumentert at Volda Sjukehus er det mest effektive sjukehuset i helse Møre og Romsdal, og ein fersk rapport frå helsedirektoratet viser at Volda Sjukehus er best i fylket og over landsgjennomsnittet utifrå korleis pasientane opplever å bli behandla ved sjukehuset. Volda Sjukehus har for tida betre utstyr og meir kompetent personale enn nokon gong. Kirurgane er like godt kvalifiserte som ved Ålesund sjukehus, men ledig kapasitet på ein kirurg i Volda kan ikkje nyttast i helgane, då skal pasienten fraktast til Ålesund, eller som siste forslag er, trillast ei etasje opp til ei overfylt medisinsk avdeling. Forsvarleg kirurgi kan berre nyttast i vekedagane i Volda. Instruks frå departementet når det gjeld akuttfunksjonar ved sjukehusa er slik: *"Svekking av akuttfunksjonar skal ikkje skje utifrå økonomiske motiv."*

Helse Møre og Romsdal seier at eit befolkningsgrunnlag på 45000 ikkje er nok til å bygge opp ei vaktordning for kirurgar i Volda i helgane. Men korleis har dei då gjort det med ei fødeavdeling med

same forutsetning. Jau her har Helse Midt-Norge og Helse Vest sett pasienten i fokus, sett vekk ifrå foretaksgrensene, og avtalt eit "formalisert samarbeid" og befolkningsgrunnlaget er brått stort nok til ei vaktordning og eit fødetilbod for Søre Sunnmøre og Nordfjord. Dette bør da også formaliserast i høve akuttberedskap som ein skulle tru i stor grad er avhengig av tid/avstand som gjelde liv og helse.

Altså nedslagsfeltet til Volda sjukehus er eigentleg på 80.000 innbyggjarar, dette burde gi økonomisk plattform for å styrke kirurgien si vaktordning i helgane. Men det viktigaste er at det er 35.000 innbyggjarar som får raskare veg til sjukehus, og at ein har ryggdekning for det moralske og etiske ansvaret i høve kortast veg til akutthjelp. Og som Helseministeren uttalar i sin handlingsregel at: *" det er pasienten som skal vere i sentrum, og at systemet skal prioritere og sørge for at gode løysingar blir følgd".*

Vi bed om at Helse Møre og Romsdal snarast gir melding til helseminister Bent Høie om at Volda Sjukehus er eit naturleg lokalsjukehus for 80.000 menneske i ein ny bu- og arbeidsmarknadsregion, på tvers av fylkesgrensa mellom Søre Sunnmøre og Nordfjord. Storsamfunnet sine investeringar i vegprosjekt rundt Sjukehuset dei siste åra har resultert i at regionane blir knytt saman på ein ny måte, og dynamikken i området har vorte endra. Volda Sjukehus er etter påbod frå departementet blitt eit av dei "Grøne Sjukehusa" i Møre og Romsdal, der ein forpliktar seg til å jobbe for kortast mogeleg reiseavstandar, unngå ekstra ferger for ambulansar, pasientar og pårørande. Dette kan gjerast i Volda utan ekstra kostnad ved at ein utnyttar allereide lønna kompetanse som er på vakt ved Sjukehuset. Tidlegare formalisert vellykka samarbeid, ref. fødeavdelinga, bør brukast som eksempel for å utvide samarbeidet mellom Helse Midt Norge og Helse Vest til pasientane sitt beste.

Dette vil synleggjere eit system som finn løysingar til beste for pasienten, og at ein nyttar eksisterande vaktresursar ved Volda Sjukehus på best mogeleg måte. Ein set pasienten i fokus og foretaks- og fylkesgrenser til sides. Dette vil ikkje vere i konflikt verken med primærlegane i Nordfjord eller med Nordfjord Sjukehus, heller eit samarbeid der Nordfjord Sjukehus blir nytta til dagkirurgi og poliklinisk m.m.

Sitat Helse- og Omsorgsministeren: *"Skal vi sette pasienten i sentrum kan vi ikke si nei til endring. Det betyr ikke at vi skal endre alt. Men vi greier ikke å gripe nye muligheter hvis vi tviholder på gamle løsninger".*

Mafoss

Stryn Næringsssamskipnad

Volda Næringsforum

Terje Høybakk. Sign.

Anita Vinsrygg. Sign.

Stefan N. Halck. Sign.

Ørsta Næringskontor

Odd Magne Vinjevoll. Sign.

